

2.000 kubikk stein i Hagetun-tomta

20.03.2010



Mykje jord måtte skiftast ut i Hagetun-tomta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med Hagetun-tomta sentralt i Uskedalen har kome langt på få dagar, men det har vore ein del utfordringar med mykje jord som måtte skiftast ut, opplyser Johannes Hjørnevåg i Uskedalen Holding til uskedalen.no

Hittil har det gått med rundt 2.000 kubikkmeter stein som er henta frå ein sprengt stein-nabb på Døssland, men nå nå byrjar dei å sjå enden på den operasjonen.



[Slik blir fasadane til bygget som no reiser seg.](#)

Hjønnevåg vil takka kommunen fordi dei på så kort varsel gav grønt lys for å starta med grunnarbeidet for dei tre tomannsbustadane slik at dei kom i gang tidlegare enn planlagt.

Om kort tid vil dei difor vera klare til å leggja bustadane ut for salg, Men dei ventar på at eitpar detaljar skal koma på plass før dei kan offentleggjera tekingar og tilby desse. Leilegheitene i tomannsbustadane blir ikkje like store. 2 av dei blir på 118 kvadratmeter bruttoareal - inklusive utebod og garasje. Dei 4 andre blir på 81 kvadratmeter.

- Og kva så med firemannsbustadane på grunnmuren etter drivhuset?

- Her går arbeidet etter planen. Utvendig er bygningskroppen på det næraste ferdig og innreiinga tek til med det første. For heile bygget har vi sendt ut fasadeendring som illustrerar korleis det vil bli når det er ferdig.

- Det skjer også noko med dei gamle leilegheitene?.

- I første etasje har vi no reve begge dei to gamle leilegheitene og innreiing av 3 nye leilegheiters samt ny personalbase vil starta om kort tid. Kommunen planlegg å flytta kontoret som dei no har i Myro ned til nyinnreda lokale på 120 kvadratmeter bruttoareal over to høgder i Hagetunet.

Av Ola Matti Mathisen